

Årsmelding for trimgruppa i Hareid IL arbeidsåret 2018

2018 har vore eit nytt aktivt år for trimgruppa. I løpet av året har gruppa hatt følgjande aktivitetar:

Fjellorienteringa: I 2018 vart denne aktiviteten halden for 29. gong. Trimgruppa selde 470 kartmapper i år. I 2019 blir den populære aktiviteten halden for 30. gong. Sidan arrangement nr. 25 har talet på postar auka med ein post kvart år. Frå 2019 vil trimgruppa starte nedteljinga tilbake mot 25 postar. Av dei 470 selde karta vart 242 innleverte for premiering. 99 av desse hadde alle postane. 35 av dei 242 deltok for første gong. Jan Bigset er framleis den som har vore med flest gonger. Han har fått med seg alle 29 åra. Årets "femårspokalvinnarar" vart:

25 års deltaking: Bjørg Mong Korsnes.

20 års deltaking: Lidvar Hovden, Andreas Moldskred, Marianne Teigene.

15 års deltaking: Ådne Elvanes, Eldar Indrefløy, Kim Skeide, Einar Orten Trovåg, Ann Kristin Urke og Terje Urke.

10 års deltaking: Sandra Lynn Bjåstad, Kjell Dimmen, Irene Fjelle, Lillian Hovden, Oddveig Håbakk, Tor Håbakk, Karen Margrethe/Jon Kåre Mork, Kenneth Muren, Lars Bjørn Teige, Monica Teige, Magnus Teige, Torill Åker.

5 års deltaking: Oskar Alme, Lena Bakkejord, Karin Brandal, Lisbeth Brandal, Siw-Monica Brandal, Else Bakke Elvanes, Stig Engen, Kari Garnes, Ingfrid Grimstad, Emil Hareide Hammervoll, Lucas Leander Hovden, Marius Hovden, Tina Margrethe Krogseth, Grete Kristin Kvalsund, Einar Måseide, Hanne Røkke, Kirsti Skinnnes, Svein Dag Slettebakk, Rolf Arild Topphol, Marianne Svendsen Vik.

Deltakarar til og med 15 fylte år fekk krystallar i premie, medan det til slutt vart trekt ut seks gåvekort a 500 kroner. Vinnarar av desse vart: Turid Engen, Ann Kristin Urke, Robert Ottesen, Lone B. Finvik, Karin Brandal og Kim Skeide.

Vi tok ned postane frå og med 15. oktober – og sette 1. nov. som innsendingsfrist for utfylte kart. Nokre (men ikkje så mange) leverte inn kart etter 1. nov., men vi valde å vere smidige og la dei vere med i premieringa. Postane har stort sett få stå i fred. Premieutdelinga på Hareid klubbhus torsdag 15. november samla godt med folk, om enn ikkje "stinn brakke". Etter at gruppeleiaren hadde sagt nokre bevinga ord om avviklinga i 2018 var det klart for utdeling av premiar. Etterpå vart dei yngste fotograferte (bilde m/referat vart sendt til lokalavisa) – og det vart servert kaker og drikke.

Friluftsgudsteneste i Alsleiva søndag 26. august: Trimgruppa delte som vanleg ut lodd til alle som kom – og stod så føre utloddinga etter gudstenesta. I år tok Gunn Bente Drevland seg av dette. Leiv Arne Grimstad var også tilstades. I år vart elles ny «preikestol» og nye benkar tekne bruk, tillegg av LIONS, og frammettet var svært godt (215 deltakarar) i det fine vêret. Såleis "sprengde" deltakarane loddbøkene våre. Vi hadde nemleg berre 200 lodd. Tema for gudstenesta var "Skaparverket".

Styrkeprøva: Vêret sette ein stoppar for Styrkeprøva frå Eiksund til Korshamna i år. Etter ein makelaus, fin sommar fekk vi ein regn- og vindfull haust. To personar tok likevel turen, på eige ansvar og utanfor trimgruppa sin kontroll.

Tuftepark/triathlon: Gruppa har jobba ein del med å få realisert ein Tuftepark på rullskeisebana, men i løpet av året har det kome eit initiativ frå ungdomsskulen om å få til ein slik park på sjølve skuleområdet. Trimgruppa har dermed lagt frå seg planane.

Skilting og merking: På eit av dei siste styremøta i 2017 orienterte Andreas Moldskred om skiltingsarbeidet som pågår. Han fortalde at han no hadde fått tilsendt ei rekke nye skilt, som han, Lidvar Hovden og Stein Myklebust ville sørge for å få på plass. Dette er no gjort. Det gjeld tilsaman 16 skilt. Andreas Moldskred opplyser også at skilta har vorte forsterka med ei plate på baksida. I løpet av året er det også sett opp skilt med påminning om bandtvang for hundar.

Møre og Romsdal friluftsråd: Bernhard Harkjerr og Andreas Moldskred (og friluftskoordinatoren i kommunen) har vore med i ei gruppe som i samarbeid med Møre og Romsdal Friluftsråd skal sjå på merking av turar i kommunen. Dei har hatt to møte på rådhuset. Det er enno ikkje kome så langt at det har resultert i eit kart, men dette skal vere i kjømda. Kartet skal vise veg både til fine friluftsupplevingar og gode fiskeplassar.

Fotbladet: Trimgruppa har kvart år vore pålagt å selje 17.-maiavisa Fotbladet. I 2018 tok Andreas og Roar seg av dei to rodene vi vart tildelte, a 25 aviser. Dei selde ut alt og rakk ikkje over alle husstandane. Ettersom det er vedteke å legge ned Fotbladet i Hareid IL-regi frå og med 2019, er dette heller ikkje noko som vil inngå i trimgruppa sin aktivitetsplan.

Elektronisk tidtakarutstyr: Trimgruppa har også vore med på eit fellesprosjekt i lag med Hareid Triathlon, Hjørungavåg IL, Hareid IL Friidrett og Nordvest Maraton om innkjøp av elektronisk tidtakarutstyr. Styret vedtok på møte 5. april å løyve inntil kr. 20.000. Vi brukte kr. 15.000. Utstyret er innkjøpt og har vore i bruk ved fleire arrangement.

Økonomi: Gruppa har brukt ein god del pengar på skilting og tidtakarutstyr i år, så året går derfor ut med eit lite underskot. Økonomien i gruppa er likevel solid. Fjellorienteringa er som før vår største inntektskjelde. Viser elles til rekneskapen og revisor Mona Hovden Brandal sin kommentar (vedlagt).

Styremøte: Det har vore halde 8 styremøte i løpet av arbeidsåret.

Revisorspørsmålet: Valnemnda lykkast å få Mona Hovden Brandal til å revidere rekneskapen for 2018. Men ho har sagt frå seg å revidere 2019-rekneskapen (sjå revisjonsrapporten hennar).

Hareid 20. februar 2019 – Leiv Arne Grimstad, skrivar

GRUPPEÅRSMØTET FOR ARBEIDSÅRET 2018

vart halde på klubbhuset onsdag 20. februar kl. 19. Desse møte: Bernhard Harkjerr, Gunn Bente Drevland, Roar Snipsøy, Leiv Arne Grimstad, Andreas Moldskred.

Roar Snipsøy vart vald til møtelei, Leiv Arne Grimstad til referent. Desse to skal også skrive under årsmeldinga.

Leiv Arne Grimstad las årsmeldinga, som vart godkjend med nokre få rettingar.

Bernhard Harkjerr refererte rekneskapen. Denne vart godkjent, men årsmøtet fann oversynet rotete og uoversikleg. Her har vi eit stort forbettringspotensiale. Årsmøtet ønskjer ei meir nøyaktig føring. Årsmøtet konstaterte at gruppa har kr. 111.234,62 på sparekonto (kr. 111.012,62 året før) og kr. 14.101,30 på driftskonto (kr. 18.811,03 året før). Utifrå dette skulle såleis underskotet vere mykje mindre enn det som går fram av rekneskapen. Noko av dette vart oppklara og korrigert av årsmøtet. Revisor har elles dokumentert at alle utbetalingar frå bankkontoen er dokumenterte med bilag.

VAL:

Styre for 2019:

Leiar for 1 år: Bernhard Harkjerr (ikkje på val). Nestleiar med økonomiansvar: Gunn Bente Drevland (ikkje på val). Skrivar: Leiv Arne Grimstad (to nye år). Lisbet Hareide Longva (ikkje på val). Andreas Moldskred (ikkje på val). Hildegunn Thomassen (ny, to år).

Varafolk: Irene Fjelle (ny, to år). Synnøve Kibsgaard (ny, to år).

Valnemnd: Leiv Arne Grimstad (to nye år), Hildegunn Thomassen (ikkje på val).

Revisor: Valnemnda må kome med forslag til revisor på første styremøte i 2019.

* Etter årsmøtet overrekte leiaren avtroppande styremedlem Roar Snipsøy blommar og stor takk for åtte års deltaking i styret. Roar har vore skiltansvarleg for fjellorienteringa, ei oppgåve han vil ta seg av også i 2019, sjølv om han no er ute av styret.

Hareid 20. februar 2019 – Leiv Arne Grimstad, skrivar